

Guten og huldri.

Av Olav Sande.

Det skulde vera i Lærdal, og det var um hausten, straffst etter dei var buforte heimatt fraa stødlen.

Der var nokre, som sende den eine sonen sin, ein sthyings gut, framatt der etter nokot, dei hadde lagt att.

Daa han kom paa stødlen, var heila trodi full av beist. Men alle dei fyrer, han saag, var rumpelaufe — for dei hev aldri rumpa huldrefyrna, ser du —. Guten undrad seg ei stund hver detta: kven i all verdi detta skulde vera sine beist, so jamnvane, som dei var. Han gjekk vart inn i selet. Daa var der try kvinnfolk. Dei gjekk og stelte, som det skulde voret hans eigne folk. Men, naar han snakkad til deim, svarad dei 'kje.

Den eina var ei ung, liti, som var so oversleg ven aa sjaa til. Han trudde, ho kunde vera paa hans aldr.

Dei hadde slike undarlege *slidrer* i dei dagar, for dei var soleides lagad, at det var kniv og syl og bryne i same slidri.

Alaja, forleides det var eldr ei, so tok han upp den vesle sylen sin og staff den unga huldri i fingren, so det var aat og kom blod.

Ho byrjad graata. Gamla tok til aa skjenna, og daa vart ho so fæl, at guten vart radt redd henne.

»No fær du hava henne no, tost,« sa ho. »Du kunde ha latet henne voret; ho rende 'kje paa deg, ditt ugagnstre.«

»Eg hava henne?« sa guten; »eg vil visst ikkje hava henne.«

»Det hjelper deg intje; du er nødd til,« taut gamla.

»Jau, eg lyt nog vera med deg jamt, eg, no,« sa den unga huldri.

»Nei, eg vil 'kje hava deg fyr nokon ting, i verdi er,« kvesste guten i og var so harm, at han kyrknad.

»Jau, det nyttar 'kje strita imot no,« tok gamla i; »du fær lov til aa hava henne heretter. Og far berre ikkje godt med henne, so skal eg vita aa finna deg, eg. Du hadde 'kje bo ænst henne; ho var visst ikkje etlad aat deg.«

Guten vart rædd, tok byrdi si og strauk.

Den unga huldri kom etter.

Guten gret, og huldri gret.

Han prøvde aa gjera frokvegjer; men den vesla huldri fylgde etter, kvar han før.

Han bad henne baade hardt og vent, at ho skulde snu att til mo'ri; men ho fylgde med, alt til dei kom til gards.

Rom guten inn i stova graatande, den unga gjenta etter honum.

»Kvat er det, som vantar deg?« spurde fa'ren. »Hev det vortet deg

nokot?»

»Nei, men eg skal ljota hava denna gjenta, som fyl meg, og de veit vel det, eg vil det infje.«

Gjenta stod so halvt bljug og duste, og stundum saag ho so forvirrad ut.

»Kvat segjer du daa, badn?« sa fa'ren.

»Aa, eg lyt nog hava honum, eg, no, sidan han staff meg.«

»Ja, men er det illt fyr deg no daa? Korleides kann detta hava seg? Hev det vortet deg nokot, badn?«

»Nei det var 'kje illt, daa han gjorde det; men eg vilde infje voret med honum; eg vilde stelli med henne mo'r, eg, som er so ung.«

»Ja, eg veit ikkje onnor raad, eg; eg fær stad aa snaka med presten fyr dykk, bodn.«

»Det kunde voret fyr all ting,« sa guten, »berre ho ikkje hadde havt denna fæla rumpa.«

»Det er nett høvelegt aat deg,« sa mo'ri; »eg hev ofta tenkt, det maatte koma deg nokot paa; du hev voret for myket vidt av deg og infje viljat lydt ofs; no fær du sjaa.«

— So gjekk fa'ren til presten. Det var sliik ein toleg og snidl mann, det. Han kunde no 'kje vera av dei beste til aa preika, etter som mange av prestarne no vil hava det; dei stend og dundrar og sviv baade vidt og breidt — til ingen nytte; for det gjeng so snøgt att; ein hev alt gløymt det, fyrr ein kjem ut or kyrkja.

Heldr ikkje var han so brennande sinnad, um nokon sa honum imot, som visse andre prestar.

»Ja — me fær tenkja nærmare hver det, hjelpast aat so godt, som me kann, so gjeng det nog, kvifo det er nokot godt og heiderlegt i det,« sa'n.

Og so heldt han seg ikkje for god fyr nokon; han var saman med folk baade i lag og lyd — baade han og kona og borni hans.

Som eg hev sagt: fa'ren gjekk til presten, og han sa, at dei fekk koma til honum alle try; baade fa'ren og sonen og den unga Guldri, »so skal eg sjaa, um eg ikkje kann gjera nokot med det. Hels heim!«

(Han hadde vant seg so til aa segja »hels heim« at han kom med det, sjølv um han hadde voret i gjefting hjaa folk, og dei fylgde honum ut fyr dyrri, naar han gjekk.)

»Er du døypt?« spurde presten huldri.

»Nei — eg veit ikkje, kvat du meinar, svartemann,« sa ho; ho hadde 'kje vit paa det, ho, som ventande var.

»Ja — men du lyt døypast, gjenta, skal du vera saman med ofs.«

»Som du vil, svartemann, eg er vel nøydd til di no,« svarad ho.

»Du lyt vera snidl og snakka skaplegt no, badn,« sa far aat guten.

»Ja — vil det — veit 'kje annat snakka um di, eg,« sa ho.

So døypte presten henne.

Daa datt rumpa av henne med det same; ho var so lang som ei kyrarumpa, og soleides saag ho ut og.

So presten med guten:

»No høyrrer ho deg til jamt,« sa'n; »so du fær infje koma til nokor onnor gjenta, du, forkje paa nattars tider eldr andre sinne. Det er best, de lagar til

brudlaups det fyrste, de kann; — det vil verta det skaplegaste, og mindst vert det aa tala um fyr nokon ogso.«

»Plent det same, naar det vert,« sa faren.

Til gjenta sa presten:

»Du maa jamt vera lagleg og snild, du og.«

»Ja, eg skal vera det, eg, sv—prest.«

Daa sa guten:

»Ja, naar eg ikkje skal faa koma til nokor onnor, for som er, so er det best, me hev brudlaup strakst. So slepp nokon ganga aa neisa ofs og slaa ut um, eg skal 'kje taka henne.«

Du veit, forleides det er: strakst gjenturna høyrer, det er i byrja med nokot slikt — eldr um dei berre *tenkjer* det, so er dei lause med uvundsyfja og snakk og baktaling, so dei er rispande tylna: »Nei no — — ja, at han kann vilja hava henne! Ho duger ikkje til so myket som aa setja ei bot paa dosi si, endaa mindr *gjera* henne. Nei no lyt eg — —.«

Dg meir slikt og verre: — um det so er um deim, som dei kallar sine beste vener.

For, naar det gjeld um tevling um gutarne, skyr gjenturna mest ingen ting, fer du.

Til guten slengjer dei fantord — halvdreget og sløgt, — skal vera:

»Hmm! — — ikkje den fyrste, ho hev havt; — drjugt; han fær no ikkje vera fredlen, som — — hugsar du 'kje i brudlaupet i Midtun, Turid?«

Dg meir slikt burtetter.

Det vart brudlaup strakst.

Ingen vitste, kvat gjenta han hadde fenget fat i. Dg det gjeff deim godt heila tidi. Rona var so lydig og snidl og dugleg, som ho *kunde* vera.

Um sumaren sa ho med budeia si, daa dei buforte til støds:

»Um so der kjem noki beist burt til deg paa stødlen, so maa du fyr al ting ikkje slaa etter det, um du ikkje kjenner det; men du skal retta handi etter det og giva det salt. Dg, er det ei kyr, so maa du mjølka henne paa timen.«

Ja, budeia lovad det.

Den fyrste kvelden, budeia kallad paa fyrna og skulde mjølka, kom der ei stor, svær, graa, hornut kyr med si mjølkabytta paa hornet. Bytta var av masfing og glansfad i kveldsfoli, som ho skulde vera gyllt, kann du tru. Kyri rautad, so det ljomad i fjelli og kom radt attaat budeia.

Ho gav henne ein neve salt oppor saltposen sin, so som dei pla'r gjera, let væl med henne, strauk henne paa skjarnene og ryggen.

»Aa, so mori mi dao! du æ doffa mi, du.«

Kyri kom att kvelden etter ogso og let seg mjølka som hina.

Sidan kom der ei kyr daa og ei kyr daa um sumaren framigjenum, alt til det var ein stor bøling, den gildaste, som fanst paa selbøen.

Soleides fekk den kona si heimansfylgja.

Allt det, dei før med, treivst; alt hadde dei luffa med, og dei vart svært velstandande folk.

Dei kom godt til rettes. Det var berre ein ting, ho var idl paa honum fyr:

Det var soleides i Lærdal fyrr — so som det visst var i heile sogn —, at

tenaradn skulde ha fri kvar laurdag etter non, antan det so var vetr eller sumar. Det var jusfom, det ikkje var rett aa arbeida fyr nokon etter det bilet. *)

Men lifavel gjeff mannen jamt stad og tynnte ljaarne daa, han.

Gjeff kona til honum fyrst ein laugardagskveld og sa:

»Slitt vil eg forkje ha' eldr sjaa, Ola, paa ein laugardagskveld! Du kann tynna derimillum.«

Andre Laugardagskvelden var det slikt slag; han vilde 'kje halda upp.

Tridje Laugardagskvelden kom ho att; men daa skræmde ho honum av radt daa:

Ho tok eit tjukt jarnstykkje, vatt det millum henderna og sa:

»Ja, Ola, held du 'kje no upp, so tek eg deg so, som eg tek detta jarnstykket. Det fylgjer aldri nokor luffa med slikt, skal eg segja deg, Ola.«

Sidan lydde han henne jamt, og han hadde 'kje skade 'taa di; det gjeff deim godt etter den tid.

*) I eit gamalt himmelbrev saag eg, daa eg var liten gut, at kvifso nokon arbeidar etter fl. 6 laugardagskveldarne, kjem han til helvite.

Bokstr.